





ALVER
KOMMUNE

Mulighetsstudie

Sentera i Alver



Desember 2022





Innhold

1	Bakgrunn.....	3
2	Samfunnsanalyse og mulighetsstudie for kommune-, lokal- og nærsenter i Alver	3
2.1	Hovudmål	3
2.2	FN s berekraftsmål.....	4
2.3	Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi	4
2.4	Regional plan for attraktive senter i Hordaland(2015-2026)	5
2.5	Folketalsutvikling i delområda.....	6
3	Regional senterstruktur	9
3.1	Fylkessenter.....	9
3.2	Regionsenter	10
3.3	Kommunesenter.....	10
3.4	Lokalsenter	10
3.5	Nærsenter.....	10
4	Medverknad.....	11
4.1	Verkstadar i Knarvik og lokal- og nærsentra	11
4.2	Hovudinnspele frå verkstadane.....	12
4.3	Intervju, bildar og dronofilm	13
5	Sentera i Alver	14
5.1.1	Sentera inndelt i delområde	15
5.2	Knarvik.....	16
5.3	Frekhaug.....	18
5.4	Lindås	20
5.5	Manger	22
5.6	Ostereidet.....	24
5.7	Vikebø.....	26
5.8	Bøvågen	28
6	Korleis styrke stadutvikling?.....	30
6.1	Tiltak for utvikling av sentera	30
6.1.1	Sentrumsutstrekning	30
6.1.2	Fortetting	30
6.1.3	Lokalisering av nye sentrumsfunksjonar	31



6.1.4	Sambruk – fleirbruk og kommunen sine egne investeringar.....	31
6.1.5	Ein stad der folk kan møtast.....	31
6.1.6	Korleis bur me i Alver?.....	32
6.1.7	Pilot for bustad i Alver.....	32
6.1.8	Sambruk av parkering.....	33
6.1.9	Torg, plassar og opparbeidd uteopphaldsareal.....	33
6.1.10	Leggje til rette for at folk skal gå og sykle.....	34
6.1.11	Kulturmiljø og kulturlandskap.....	34
6.1.12	Grønnstruktur og nærfriluftsliv.....	35
6.1.13	Aldersvennleg stadutvikling.....	35
6.1.14	Informasjon, kva skjer?.....	36
6.1.15	Midlertidige tiltak, små tiltak, kva kan innbyggjarane gjere sjølv?.....	36
7	Framlegg til senterstruktur for Alver.....	37
7.1	Sentrumsutstrekning og lokal vekstsone.....	39
7.1.1	Knarvik.....	43
7.1.2	Frekhaug.....	44
7.1.3	Lindås.....	45
7.1.4	Manger.....	46
7.1.5	Ostereidet.....	47
7.1.6	Vikebø.....	48
7.1.7	Bøvågen.....	49
7.2	Registrering av funksjonar i sentera.....	50
7.2.1	Avstand til Knarvik.....	51
7.2.2	Folketal i kvart delområde og bustadreserve.....	52
7.2.3	Funksjonar i sentera.....	54



1 Bakgrunn

Mulighetsstudien er forankra i planstrategien for Alver kommune (2021-2024). Den skal tydeleggjere funksjon og rolle til dei definerte sentra i kommunen.

I Intensjonsavtalen for Alver er det vedteke ein senterstruktur for den nye kommunen. Knarvik er kommunesenteret i Alver, men har også funksjon som regionsenter i regionen Nordhordland. I tillegg har Frekhaug, Manger, Ostereidet, Lindås, Vikebø og Bøvågen status som lokal- og nærsenter. Desse har ulik karakter, storleik og tenestetilbod til innbyggjarane.

Arbeidet er gjennomført av Plan og analyse i Alver kommune, v/ prosjektleiar Trude Langedal med ei tverrfagleg prosjektgruppe med representantar frå eigedom, kultur og plan.

Samfunnsanalysen og mulighetsstudien har vore eit kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen. Den skal danne grunnlag for vidare område og detaljplanlegging i lokalsentra i Alver og vere eit verktøy for stadutvikling.

2 Samfunnsanalyse og mulighetsstudie for kommune-, lokal- og nærsenter i Alver

Dette er ei overordna analyse for lokal- og nærsentra i Alver. Sentrale problemstillingar: Kva funksjon har sentra i dag og korleis kan vi sjå på dei i samanheng. Kva finst av tilgang på fritidstilbod og offentleg og privat tenesteyting? Korleis er demografien, kva omland høyrer til lokalsentra, og korleis skal senterområda avgrensast? Kva areal er sett av til bustad og næring?

Dette vil gjere oss i stand til å peike på nokre moglegheiter og utfordringar i sentera, for at dei skal vere eit godt tilbod til innbyggjarane og bidra til ei god heilskapleg utvikling i Alver.

2.1 Hovudmål

Hovudmål for prosjektet er:

- Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune. Region/kommunesenter, lokal- og nærsenter
- Tiltak for å styrkje stadutvikling
- Kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen



2.2 FN s berekraftsmål

Alt planarbeid som kommunen gjennomfører skal byggje på FNs berekraftsmål. For arbeidet med senterstrukturen er det særleg 3 mål som er relevante:

Mål 3; God helse og livskvalitet

Mål 11; Bærekraftige byer og lokalsamfunn

Mål 17; Samarbeid for å nå målene

Det er i lokal- og nærsentra vi lever kvardagsliva våre og her er funksjonar som dekkjer dei daglege behova. Gode lokalmiljø er ei viktig ramme for god helse og livskvalitet. Lokalsamfunna i Alver har mange gode kvalitetar som er viktig å byggje vidare på i utviklinga av stadane. Det er mange som påverkar korleis lokalsamfunna utviklar seg. Eit godt samarbeid, og kjenne til kva som rører seg på staden er viktig for å skape attraktive lokalsamfunn.



2.3 Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi

Fylkestinget vedtok 29.september 2020 Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Utviklingsplanen set strategisk retning for utviklinga i fylket dei neste fire åra.

I utviklingsplanen er det sett 4 hovudmål for perioden. Arbeidet med mulighetsstudien tek utgangspunkt i hovudmål 3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

«Det er viktig å skape gode nærmiljø der folk bur. Mange kommunar i fylket har dårleg tilpassa bustadtilbod. Eit inkluderande og aldersvenleg samfunn krev ein aktiv bustadpolitikk. Universell utforming gir alle moglegheiter til dei same tilboda. Gode møteplassar legg grunnlaget for deltaking i samfunnet.»



2.4 Regional plan for attraktive senter i Hordaland(2015-2026)

Arbeidet med senterstrukturen følger opp føringane som ligg i plan for attraktive senter i Hordaland.

I Regional plan for attraktive senter i Hordaland(2015-2026) heiter det; «Innad i den enkelte kommune kan det vere behov for at kommunen fastsett lokalsenter og nærsenter kor ein ønskjer nye etableringar av handel og offentlege og private tenester av lokal karakter.

Lokalsenter kan innehalde areal for fleire funksjonar og større bruksareal for detaljhandel enn eit nærsenter.

Nærsenter er eit mindre senter med opptil 3.000 m² samla bruksareal for detaljhandel. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarehandel dimensjonert for nærmiljøet, samt lokalt tenestetilbod som frisør og liknande.»

Sentrumsutstrekning er eit verktøy for å samle sentrumsfunksjonar innanfor eit avgrensa område.

I retningsliner for arealbruk i den regionale planen er det følgjande føringar for avgrensing av handel:

Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller i reguleringsplan for sentrum. Inntil kommunen har fastsett sentrumsutstrekning bør planlegging ta utgangspunkt i at sentrum har følgjande retningsgivande utstrekning frå ytterkant til ytterkant:

- Fylkessenter: inntil 1000m
- Regionsenter og bydelssenter i Bergen: inntil 800m
- Kommunesenter: inntil 600m
- Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast




2.5 Folketalsutvikling i delområda

Alver har hatt sterk befolkningsvekst dei siste ti åra. Tilflyttinga og innvandring har vore høg, og det har blitt født mange born. Veksten har vore nokså ulik i dei forskjellige delane av kommunen. Områda kring Knarvik og Frekhaug har hatt den sterkaste veksten, men det har òg vore vekst kring Manger. Elles i kommunen har folketallet knapt endra seg dei siste åra.

Det er venta folketalsvekst i Alver også i komande tiårsperiode, men noko lågare enn i den føregåande. Tilflyttinga og innvandringa er venta å bli lågare enn tidlegare, samstundes som aldringa av befolkinga vil gi fleire dødsfall og færre fødsjar.

Skilnadane som har vore mellom områda i kommunen er venta å halde fram. Områda kring Knarvik, Frekhaug, og -i noko mindre grad Manger, er venta å vekse. Det er òg venta ein svak vekst i områda kring Lindås, Vikebø og Ostereidet. Berre i delområdet Bøvågen er det venta svak negativ utvikling.






Fig.1. Utviklinga i folketal i kvart delområde

Det er aldersgruppa 50-69 år, og særleg 70-84 år som er venta å vekse i Alver dei neste ti åra. Dette skuldast at dei store barnekulla etter andre verdskrig når desse aldersgruppene. For dei yngre aldersgruppene er det venta at framtidig folketal vil halde seg om lag som i dag.




Fig.2. Utviklinga i aldersgruppene totalt for kommunen


Aldersgruppene si utvikling varierer betydeleg mellom delområda. Det er berre i delområdet Frekhaug prognosen viser fleire barn i 2030 enn i 2019. Frekhaug er òg det einaste område der ein ventar vekst i gruppa mellom 30 og 49 år.

For aldersgruppa mellom 50 og 69 er veksten venta å bli størst i Frekhaug og Knarvik. Dette har samanheng med dei siste åras sterke tilflytting av folk i etableringsfasen til desse områda. Mange av desse vil nå 50-årsalderen i løpet av komande ti-årsperiode.

Elles vil alle områda få vekst i tal personar over 70 år, og særleg i aldersgruppa mellom 70 og 84.




Differanse 2019-30



Aldringa i dei mindre sentrale delane av kommunen vert noko dempa av at mange flyttar til områda kring Frekhaug og Alversund ved pensjonsalder. Dermed vert ikkje den framtidige alderssamansetjinga delområda imellom så forskjellig.

Alderssamansetjing 2030





3 Regional senterstruktur

Alver kommune ligg i Bergensregionen og Knarvik er eitt av regionsentera rundt Bergen. Oversiktskartet nedanfor viser regional senterstruktur med lokal- og nærsentera i Alver.

3.1 Fylkessenter

Bergen har status som fylkessenter i nye Vestland fylke. Fylkessentera har tilbod som ikkje det er befolkningsgrunnlag til i kommune- og regionsentera.




Fig 3. regionsentera i kommunane rundt Bergen og sentera i Alver



3.2 Regionsenter

Regionsenter er eit av dei regionale hovudsentera i fylket. I Bergensregionen er det 4 regionsentera; Osøyro, Straume, Kleppestø og Knarvik. I tillegg er Arna, Åsane og Lagunen definert som bydelssentera i Bergen med regionsenterfunksjonar.

Regionsenter er eit mellomnivå mellom fylkessenter og kommunesenter.

Regionsentera har ei viktig rolle i å tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan forvente å finne i alle kommunar. Regionsenter er ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester i eit definert omland. Alle innbyggjarar skal kunne køyre til eit regionsenter innan ca. 1 times køyring. Regionsenteret skal ha eit omland på minimum 10 000 innbyggjarar. Omland for regionsenteret Knarvik er Modalen, Masfjorden, Austrheim og Fedje.

3.3 Kommunesenter

Kommunesenter er hovudsenter i ein kommune. I Alver er Knarvik kommunesenter og lokalsenter for om lag 1/3 av innbyggjarane, i tillegg er Knarvik regionsenter for kommunane i Nordhordland. Manger og Frækhaug var begge kommunesentera før kommunesamanslåinga i 2020, tilboda i desse sentra gjenspeglar dette. Begge sentra har tilbod for eit større omland, t.d. nyttar innbyggjarane i Bøvågen tilbod på Manger som dei ikkje finn lokalt.

3.4 Lokalsenter


Lokalt senter for handel, tenester mv. dimensjonert for eit større lokalområde i ein kommune. Eit lokalsenter kan innehalde meir enn 3.000 m² bruksareal for detaljhandel (forutsett handelsanalyse) og fleire funksjonar enn eit nærsenter.

3.5 Nærsenter

Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarebutikk, skule - og barnehage, private og offentlege helse- og velværetenester mv. dimensjonert for nærmiljøet og innehalde kvardagstilbod for innbyggjarane. Er eit mindre senter med opptil 3000m² samla bruksareal for detaljhandel.



4 Medverknad



4.1 Verkstadar i Knarvik og lokal- og nærsentra

Hausten 2020, frå 20. oktober til 3. november, inviterte Alver kommune til verkstadar i dei definerte sentera i Alver. Den siste verkstaden som skulle være i Knarvik 3. november måtte avlysast på grunn av endring i koronasituasjonen. Verkstaden i Knarvik vart difor gjennomført med to digitale møter 16. og 18. februar 2021. Verkstadane har både vore bidrag til mulighetsstudien for senterstruktur og medverknadsprosessen til kommuneplanen sin samfunnsdel. Verkstadane vart gjennomført på Vikebø, Bøvågen, Ostereidet, Lindås, Manger og på Frekhaug. Restriksjonar knytt til korona gjorde at verkstadane ikkje kunne gjennomførast som opne folkemøte. I staden vart innbyggjarar som er engasjerte i lokalmiljøet og representantar frå næringsliv, ungdomsråd og ulike lag og organisasjonar invitert. Det var mellom 7 – 12 deltakarar på kvar av verkstadane. I tillegg deltok tilsette frå ulike fagmiljø i kommunen.

I alle verkstadane vart det invitert til samtalar kring dei same tema: (døme frå Vikebø)

- Kva er unikt på Vikebø? Fysisk, kulturelt og sosialt?
Kva er Vikebø spesielt god på? Og kva manglar?
- Kva rolle spelar Knarvik? Korleis bruker de Knarvik?
Kva bør liggje i Knarvik som felles funksjonar for heile kommunen og regionen?
- Korleis ønskjer vi at det blir i framtida?



4.2 Hovudinnspele frå verkstadane

Sjølv om alle sentra er ulike er det nokre tema frå verkstadane som gjeld fleire eller alle stadane.

Eit tema som kom opp i alle verkstadane var at folk saknar møteplassar. Innspela var ulike; ungdommar som sakna ein stad å møtast, ein stad der alle aldersgrupper kunne møtast, ein kafé, ein mekkestad eller eit verkstad der ein kunne drive med handverk ol. Det kan være møtestadar inne eller ute.

Sentra er viktige møtestadar for dei som bur der og omland rundt. Å utvikla stadane med tanke på å styrkje rolla som møtestad vil vera eit viktig grep for å skapa attraktive sentra i kommunen.

Kvalitetar:

Natur, sjø, tur og friluftsliv
Frivilligheit og dugnadsånd
Aktivt organisasjonsliv

Kva manglar:

Møtestadar
Breiare butilbod, manglar leilegheiter på dei mindre plassane
Betre kollektivtilbod
Infrastruktur

Kva med kommune og regionsenter Knarvik?

Vidaregåande skule og spesielt TAF-linja er veldig positivt
Trenge eit felles kulturhus, symjeanlegg,
Trenge betre handelstilbod for at Knarvik skal være attraktivt
Statlege, regionale arbeidsplassar
Etterlyser betre kvalitetar i utforming av Knarvik, vedlikehald og opparbeiding av grøntdrag.



4.3 Intervju, bildar og dronefilm

I arbeidet med mulighetsstudien er det nytta fleire nye metodar for å samla informasjon om kvart senter.


Våren 2020 vart det gjennomført ei fotoregistering og 2-3 personar i kvart senter vart intervjuet. Spørsmåla var dei same som var stilt i verkstadane. Intervjua med bilder frå kvart senter er samla i rapporten *Nærsentera i Alver, stadsbruk*.

Det vart også gjort ei kartlegging av alle sentera med drone våren 2020, med foto og korte dronefilmar frå kvart senter. Materialet er brukt som kunnskapsgrunnlag i mulighetsstudien, i medverknad og dialog med innbyggjarar og politikarane.

Verkstadar hausten 2020 er omtala i kap.4.1 og 4.2. og oppsummert i rapporten nærsenterverkstadar som også er del av medverknaden til samfunnsplanen.




Utsnitt dronefilm frå Bøvågen, filma av The Virtulab AS




Utdrag frå intervju med innbyggjarane, innspel frå verkstadane og dronebileta er brukt i omtalen frå kvart senter i kap.5.

5 Sentera i Alver


Samanstilling av bileta nedanfor viser nokre av dei fine kvalitetane ein finn i sentera i Alver; folket, kulturen og naturen.



5.1.1 Sentera inndelt i delområde



Kartet over viser korleis senterstrukturen er delt inn i delområde, kor stort omland som vert rekna til kvart sentera, tala på kartet er innbyggjertal i kvart delområde.



Busetjingsmønsteret i Alver, ein blå prikk er ein hushaldning, kor mange som bur i hushaldningen vil variere. I dei mest tettbygde strøka ligg prikkane over kvarandre.



5.2 Knarvik

Knarvik er kommunesenter for Alver og regionsenter for kommunane i Nordhordaland. Det er ca. 2900 innbyggjarar i Knarvik og 9800 innbyggjarar i delområde. Knarvik er ein ung stad i sett i høve til dei andre sentera i Alver. Det var først etter at Knarvik fekk status som regionsenter i 1965 at utviklinga skaut fart.

Utvikling av Knarvik

Områdeplan for Knarvik sentrum(2015) legg til rette for transformasjon og utvikling av sentrumsområdet i Knarvik. Det er ei stor utbyggingsreserve i planen som har eit perspektiv på fleire 10-år. Nord for sentrum er det områdeplanar for skule – idrettsområdet og nytt bustadområde i Lonena. Bustadreserven i Knarvik er ca. 2400 nye bueingar.

Frå samtalar med innbyggjarane

Knarvik er ein praktisk stad som har alt! flotte turområde, trafikknutepunkt, kjøpesenter, bibliotek – (det nye biblioteket er utruleg flott for unge og gamle!),



Skulesenter og godt skuletilbod, kort veg til sjø og fjell, fint plassert midt i storkommunen. Set stor pris på at alle desse funksjonane og kvalitetane er samla i Knarvik. "Alt er innan 5- 10 minuttars gange". Nærleik til Bergen er også ein viktig kvalitet med Knarvik. Nærleik til natur, sjø og fjell. Ein har gode turområde samstundes som ein nær alle andre servicetilbod. Godt kollektivtilbod til Bergen.

Knarvik er veldig, veldig god på idrett. Breidde i idrett. Mange tilbod til barna. Godt handballmiljø, fotball og korps.

"Utsjånaden til Knarvik er aldeles krise". Utfordrande å utvikle eit regionsenter som



Daniel og Andrea vil ha det Voss har

Daniel Kolstad Mo (18) og Andrea Kolstad Mo (15) saknar dei sosiale møtestadane i Knarvik. Og sjølv om dei er glad i idrett, er ikkje det det einaste ein bygdeby treng

ingen vil bruke pengar på. Blomar i rundkøring i staden for ugras t.d. Det er shabby i Knarvik samanlikna med andre regionsenter og byar. Ein må våge å leve opp til regionsenterrolla og å bruke pengar på det. Utfordrande å stå for det med desentralisert politikk. Svømmeanlegg, kulturhus med kino - då får ein møteplass utanom organisert idrett og kultur. Veldig viktig å opne opp for andre møtearena enn organisert idrett og kyrkja.

Kulturhus vil vere eit hjarte i Knarvik, samle og skape felles identitet til Knarvik.

Skape unik identitet til Knarvik. Saknar eit

levande torg, ein møteplass ute. Bättre tilgang til strandsona, strand-promenade frå Knarvik kai og bort mot Gjørvik.





5.3 Frekhaug

Frekhaug var kommunesenter i tidlegare Meland kommune og ligg sentralt i Alver berre 5 km frå Knarvik. Frekhaug er det nest største senteret i kommunen målt i folketal, med 3050 innbyggjarar og 5570 i delområdet. Dette er og den delen av kommunen med yngst befolkning og mange småbarnsfamiliar.

Utvikling av Frekhaug

Det er fleire gjeldande reguleringsplanar på Frekhaug, mellom anna områderegulering Frekhaug senter og under utarbeiding ny områdeplan for Langelandskogen og Dalsstø Mjåtveitstø. Totalt er det ei bustadreserve i plan ca. 1300 bueingar inkl. områdeplanane som er i prosess.



Frå samtalar med innbyggjarane

Mykje samla på ein stad. Alle funksjonar ein treng. Apotek, tannlege, helse osv. Barna kan gå trygt til alt, iallfall om dei velgjer rett veg til Meland aktiv. Kort til buss. Barna liker seg her, vil ikkje flytte lenger unna vener osv. Stort engasjement kring barn og unge – godt fellesskap. Rikt organisasjonsamfunn. Spesielt populært med fotball. Dugnadsand. T.d. diskosbana er bygd på dugnad. Har alt, men ønsker ein endå betre uformell møteplass.

Manglar friluftsområde for dei som er dårleg til beins. Ønskjer ei "Brekkeløypa" - med lys. Fint at det er planar for det i Langelandskogen. Potensiale også langs Mjåtveitelva. Buss til distrikta. Svømmehall, næraste er på Manger. Rosslang også, men det er lite.



- Frekhaug har mykje samla på ein plass

Christer Steffensen (28) er for innfødt å rekna, og no skal sonen Eilif (10 mnd.) også veksa opp i Frekhaug-bygda.

- Eg er «Frekhaug-native», og det var her alt skjedde då eg vaks opp. Frå eg var lifen og klatra i tre, til eg blei ungdom og eg og kompisane samla flaskar som vi panta og kjøpte godteri for. Vi hadde faste plassar vi leita, og så turnerte vi hjå nokre besteforeldre som avsåg panten for oss. Etterpå drog vi heim og såg film saman, fortel Christer.



Parken utanfor Meieriet på Frekhaug



5.4 Lindås

Lindås ligg nord i Alver, 27 km frå Knarvik. Innbyggjartalet er ca. 1280 på Lindås i heile delområdet er det ca. 3700. Lindås er eit av dei litt større sentera i kommunen, her finn ein mange funksjonar som hotell, idrettsanlegg, bibliotek, sjukeheim, barnehage, barne – og ungdomskule og Lindås nærsenter som har både variert handelstilbod og fleire offentlege funksjonar som t.d. legesenter.

Utvikling av Lindås

Det er fleire reguleringsplanar på Lindås, men det er ikkje utarbeidd ein eigen områdeplan slik det er krav om i KDP Lindås(2019-2031). I 2019 vart det utarbeidd eit mulighetsstudie som peika på fleire utviklingsretningar for tettstaden. Totalt er det ei regulert bustadreserve på ca. 50 bueingar i tillegg til bustadareal som ikkje er regulert.



Frå samtalar med innbyggjarane

Innbyggjarane trekker fram korte avstandar, at ein kan gå og sykle til butikk og nærmiljø som ein viktig kvalitet. Det er ei sterk dugnadsånd og frivilligheit på Lindås og eit breitt tilbod av aktivitetar mao; skulemusikk, kor, Lindås kjøppen, Haugatun, ungdomslag og teatergruppe. Tilboda er på tvers av alder og trekkjer folk frå heile omlandet. Lindåshallen er ein viktig møtestad, med klatrevegg,



- Kafè og byggevareforretning hadde vore topp

biblioteket, hall og ungdomsklubben. Nærleik til sjø, turstiar og grøntområde vert og trekt fram som viktige kvalitetar. Lindås har ei aktiv turgruppe som gjer eit godt arbeid med tilrettelegging for alle aldersgrupper. Lindås manglar ein samlingsstad for unge. Spesielt dei som går på vidaregåande manglar tilbod og ein stad å vera. Folk ønskjer eit breiare bustadtilbod, det er ingen leilegheiter på Lindås. Kollektivtilbodet er ikkje godt og korresponderer dårleg. Dette er ein frustrasjon for både unge og eldre. Viktig å ta vare på bygningsarven, ikkje berre byggje nytt, men også finne ny bruk av eksisterande bygningar. Eit viktig døme her er Lindåstunet.



Bilete viser Lindås senter med Kolåstoppen i bakgrunnen



5.5 Manger

Manger var kommunesenter i tidlegare Radøy kommune.

Manger har tilkomst frå Fv 525 og ligg 22 km frå Knarvik. På Manger bur det ca. 1095 innbyggjarar og innanfor delområdet er det omlag 3140 innbyggjarar.

Sentrumsområdet på Manger er langstrekt med låge bygningar langs Radøyvegen.

Utvikling av Manger

I sentrumsområdet er det fleire reguleringsplanar, men det manglar ein oppdatert heilskapleg plan. Innanfor tettstaden Manger er det ei regulert bustadreserve på ca. 150 bueiningar. I 2017 vart det utarbeidd ei muligheitsstudie for Manger (Og arkitekter) som viser ulike tiltak for å utvikle og styrkje stadkvalitetane på Manger, sjå illustrasjonar nedanfor.



III. frå mulighetstudie for Manger

Frå samtalar med innbyggjarane

Manger er ein stad med historie og kultur. Prestegarden var eit gammalt sentrum for kultur. Eit møte mellom borgarskapet og bøndene. Mange har forfedrane sine her og sterk tilknytning til staden. Folkehøgskulen sette Manger på kartet då den kom, den har tilført mykje til bygda, til dømes musikk. Veldig positivt å ha funksjonar samla for kvardagslogistikk. Mange kan gå og sykle kvardagen. Godt oppvekstmiljø, fellesskap og dugnadsand, folk kjenner kvarandre.

Fin stad å vere tilflyttar også. Må engasjere seg og "ha lyst til å vere her".

Radøyhallen med basseng er fantastisk! Mange ulike aktivitetar for alle aldersgrupper.

Unikt at det ikkje berre er industri som møter ein, men aktivt jordbruk og flott natur tett på. Manger har framleis god kontakt med sjøen, noko som er unikt samanlikna med andre tettstadar.

- Vi må ikkje til Knarvik i kvardagen





5.6 Ostereidet

Ostereidet ligg nordaust i Alver, langs E39, 19 km frå Knarvik. Ostereidet har om lag 210 innbyggjarar og totalt 2315 i delområdet. Ostereidet har eit stort omland og mange funksjonar i høve til folketal. Det er i denne delen av kommunen folk bur mest spredt. Sentrumsområdet på Ostereidet er todelt; skule, barnehage, idrettsområde og kyrkja ligg i nordaust, medan handelssenteret ligg langs E39 ca. 1 km frå skuleområdet.

Utvikling av Ostereidet

Ostereidet har ein nyleg vedteken områdeplan (vedtak 16.12.2021) som legg til rette for ei framtidsretta utvikling av senterområdet og skuleområdet, samt utbetring av vegen med samanhengande fortau mellom dei to senterområda. Regulert bustadreserve på Ostereidet er god med ca. 180 bueingar.



Frå samtalar med innbyggjarane

På Ostereidet vert oppvekstmiljøet trekt fram som ein viktig kvalitet på staden. T.d. Fredagskafe for ungdommane. Dette er eit tilbod som foreldra organiserer sjølv, som har vore drive i 20 år og er svært populært blant dei unge. Ostereidet har funksjonane ein treng i kvardagen i alle livets fasar, senteret med daglegvarebutikk, bensin, lege, frisør, kroa, Ostertunet og skule- og idrettsområdet. Det er godt samarbeid mellom dei ulike funksjonane, kyrkje, butikk og idrett, som støttar opp om og tek omsyn til kvarandre. Idrettslaget er aktivt og gjer mykje bra. Barna kan vere med frå dei er 5 år. Allianseidrettslag; ski, handball, fotball og symjing. Andre viktige aktivitetar er kor, korps og den årelege musikalen på ungdomsskolen. Ein god kvalitet ved Ostereidet er at det ligg ved E39 med kort veg til Knarvik. Det er enkelt å komme med bil og mange stoppar ved senteret på veg nordover. Ønskjer ein hall som er tilrettelagt for alle aldersgrupper, ein uformell møtestad. Fleirbrukshall, kulturarena, treffstad og møteplass. Treng trygg ferdsel mellom funksjonane i nærsenteret, særleg vegen mellom skule og senter. Ostereidet er altfor bilbasert.



- Ostereidet er ein fin stad å veksa opp

Leah Marie Jordal Aarra (14) og Justine Hjelmtveit Totland (13) bur og går på skule på Ostereidet, og er glade i bygda si. - Det er fint her på Ostereidet. Vi har butikk og fotballbane der vi kan treffe vener på fritida.



Senterområdet ved E39; Rema 1000, Ostereidet kro, legesenter, frisør, flerimannsbustader og Ostertunet omsorgsbustadar i framkant.



5.7 Vikebø

Vikebø ligg nordvest på Holsnøy 13 km frå Frekhaug. Det er ca. 300 innbyggjarar på Vikebø medan det er ca. 2900 innbyggjarar innanfor delområdet. Vikebø er eit av dei mindre sentera i kommunen, både med omsyn til folketal og funksjonar. Vikebø har barne – og ungdomsskule m/symjebasseng, barnehage og idrettsanlegg. Av funksjonar folk treng i kvardagen er fyrst og fremst daglegvarebutikk som manglar, nærmaste daglegvare er KIWI-butikken på Holme.

Utvikling av Vikebø

Det er to reguleringsplanar som legg til rette for utvikling av Vikebø. Bergotunet er ein liten sentrumsplan som legg til rette for forretning, offentleg tenesteyting, bustad og



kontor. Områdeplan for Rylandshøgda legg til rette for utbygging av varierte bustadtypar, til saman er regulert bustadreserve ca. 92 bueingar på Vikebø. Tilkomstveg til Vikebø er fv. 564. Det er utarbeidd detaljreguleringsplan for omlegging og utbetring av eksisterande veg og bygging av gang- og sykkelveg over ei om lag fire km lang strekning mellom Fløksand og Vikebø, det er knytt krav til at vegen kjem på plass før området kan byggast ut. Utbetring av fylkesvegen vil opne opp for ny utvikling i området.

Frå samtalar med innbyggjarane

Dei viktigaste kvalitetane er naturen, folket, dugnadsånd og lagsaktivitet. Folk opplever kjensle av å høyre til, tryggleik og samhald, mange har budd på Vikebø i generasjonar. Vikebø er ei bygd med mykje aktivitet, men "Det skjer ingenting utan dugnad". Spesielt vert idrettsanlegget med fotballbane og treningsrom trekt fram som viktig møteplass for foreldre og barn som driv med idrett. Det som manglar er vegen, den hindrar utvikling og kollektivtilbodet er for dårleg. Daglegvarebutikk og møteplassar er også noko folk saknar. I tillegg saknar folk fleire typar bustadar, slik at

eldre kan verte buande og at nye folk kan flytte til Vikebø.



**Henrik 19
- Rossland har
vore ein fin
stad å veksa
opp**



«På spørsmål om kva Henrik saknar er det matbutikk og kafé – der ung og gammal kan møtast som står på ønskelista. Han ynskjer seg og eit tilbod til ungdom frå 16 år og oppover.



Vikebø sett mot skule- og barnehage området frå aust



5.8 Bøvågen

Bøvågen ligg nordvest på Radøy 10 km frå Manger og 32 km frå Knarvik. Det er ca. 380 innbyggjarar i Bøvågen og i delområdet er det ca. 1950. I likheit med Vikebø er dette eit av dei mindre sentera i Alver, med omsyn til folketal og funksjonar, men arealet på delområdet er jamstort med både Manger og Frekhaug. Bøvågen har mange av dei funksjonane folk treng i kvardagen, med unntak av ungdomskule, den ligg på Manger.

Utvikling av Bøvågen

Det er fleire mindre reguleringsplanar i Bøvågen, total bustadreserve er ca. 25 bueiningar. Bøvågen manglar heilskapleg plan for sentrumsområdet.

Frå samtalar med innbyggjarane

I Bøvågen opplever innbyggjarane at dei har det dei treng; daglegvarebutikk, barneskule, barnehage, pub, kyrkje, musikkliv og idrettsliv. Bøvågen har eit veldig flott



bygdemiljø, dugnadsånd og frivillighet er veldig bra og folk er veldig med på det som skjer. Gode naturkvaliteter med Bømarka som er flott turområde og det er aktivt båtliv i Bøvågen.

Ungdomskulen ligg på Manger og elevane som deltok på verkstaden meinte det var greitt at dei måtte reise til Manger fordi det er eit større ungdomsmiljø der. Elevtalet var såpass lågt i Bøvågen at det var fint å dra til Manger å vere del av eit større miljø. Dårlig kollektivtilbod er derimot ei utfordring som gjer det vanskeleg å være med på aktivitetane som skjer for ungdommar på Manger.

Sjølv om det er god dugnadsånd og aktiv frivillighet, merkar ein at det er vanskelegare å få folk til å stille opp. Det er gjerne dei same som er engasjert i dei ulike aktivitetane. Trur folk ville budd her om det hadde vore fleire ulike butilbod. Eldre flyttar gjerne til Manger, Frekhaug eller Knarvik.



«- Her finn vi fridom og ro Ragnhild Wisnes (76) og familien bur i Bergen, men har hatt hytte i Bøvågen i 30 år. Her lagar dei god mat, er saman og finn kvilepulsen.»



Bilete viser sentrale delar av Bøvågen med Bunnpris i forgrunnen og skule- barnehage området til høgre



6 Korleis styrke stadutvikling?

Det er i sentera og bygdene folk lever i kvardagen. Mange føler ei sterk tilhøringheit og har identiteten sin knytt til heimlassen. Dugnadsånden i kommunen er imponerende og mange legg ned betydeleg innsats for å skapa gode lokalmiljø. Verkstadane me gjennomførte i lokal- og nærsentera viste dette tydeleg. Trivsel, dugnad og fellesskap er ein stor ressurs i lokalsamfunna og er heilt sentralt for å få til ei positiv utvikling av staden.

Samstundes som folk trivs er det fleire funksjonar eller tilbod dei saknar på heimstaden i dag. Det kan òg vere tilbod som finns på staden i dag som dei er redd for å miste.

Identitet og tilhøringheit til staden er ein kvalitet innbyggjarane opplever og er opptekne av. Det å ta vare på å styrkja dei stadeigne kvalitetane er viktig i utvikling av stadane. Det er mykje som spelar saman og er viktig i utvikling av ein stad.

Utvikling av staden er ein samanhengande prosess, store og små val ein gjer påverkar korleis staden vert forma over tid. Funksjonane ein har i nærleiken av der ein bur har mykje å seie for korleis kvardagen er. Nærleik til skule og barnehage og trygg skuleveg gjer kvardagen enklare for barnefamiljar. Tilgjengelege turveggar i nærleiken av der folk bur bidreg til at fleire kjem seg ut på tur. Mange eldre ønskjer ein mindre bustad, lettstelt og tilrettelagt, og nærleik til møtestadar og tilbod dei treng i kvardagen.

Det er ikkje alltid det skal så mykje til for å få til ei god utvikling, men det er viktig å sjå dei ulike tiltaka i samheng slik at dei verkar saman og bidreg til ein god heilskap. I kap 6.1 er det lista opp nokre forslag til tiltak som vil bidra til ei god utvikling av sentera og lokalsamfunna.

6.1 Tiltak for utvikling av sentera

6.1.1 Sentrumsutstrekning

Sentrumsutstrekning er eit verktøy for å samla dei viktigaste sentrumsfunksjonane innanfor eit mindre område. Dette er omtala meir i kap. 7.1.

6.1.2 Fortetting

Fortetting må gjerast på ein måte som aukar kvalitetane på staden. I sentrumsområde med spreidd utbygging vil fortetting kunne samla fleire funksjonar i gangavstand. I eit tettare bygningsmiljø kan romma mellom husa verte meir intime og opparbeidast til gode opphaldsareal. Fortetting må byggje på staden si historie, identitet og landskapstrekk og med omsorg for nabolaget som alt finns.



6.1.3 Lokalisering av nye sentrumsfunksjonar

Nær – og lokalsentra er og vil være viktige møteplassar for innbyggjarane i framtida. Gode sentra vil gjere det meir attraktivt å busetje seg i og drive næring i kommunen. Ved å samlokalisera handel, publikumsfunksjonar og andre fellesfunksjonar vil ein styrkje møteplassane lokalt. Fleire funksjonar samla på eit avgrensa område gjer det lettare å sette frå seg bilen og gå mellom aktivitetane.

6.1.4 Sambruk – fleirbruk og kommunen sine egne investeringar

Kommunen bør bruka egne investeringar slik at dei i størst mogeleg grad svarar til fleire behov lokalt og vurderer moglege sambruksfunksjonar. Dette forutsett endra prosessar i planlegging av byggeprosjekta i kommunen. Allereide i programmering av byggjeprojekta bør ein vurderer moglege andre behov på staden gjennom medverknad, tverrfagleg samarbeid i kommunen og samarbeid med lokalt næringsliv og innbyggjarane.

6.1.5 Ein stad der folk kan møtast

Sentera er viktige møteplassar. Det er her dei fleste tilboda folk treng i kvardagen er samla og det er her folk treffest.

Mange bur åleine og me veit at dette talet vil auke i framtida, særleg gruppa åleinebuande eldre vil auke. Det er mange som fortel at dei saknar møteplassar. Ein møteplass kan vera inne eller ute, formell eller uformell, knytt til gjeremål og funksjonar eller berre vera ein stad det kan vera naturleg å stoppa opp. Sentra er godt tilrettelagt for bil, ein kan køyre fram til butikkdøra, handle det ein skal ha og køyre heim. Det er lett vint, effektivt og praktisk, men ikkje særleg sosialt og hyggeleg. Møter du kjente er det kanskje ikkje ein benk å setje seg på for å prate eller ein kafé der ein kan ta ein kopp kaffi. For å utvikla sentra til betre møteplassar for innbyggjarane må bilen i større grad vike og fotgjengarane må få meir plass.



Erling saknar ein møtestad

Kva som er ein god møteplass vil variere frå stad til stad og for den enkelte. Men me kan planlegge sentera og bygdene våre slik at folk får fleire naturlege møteplassar. Fokus på møteplassar kan gje gode innspel til å utvikla av stadane. Det er mange funksjonar i sentra som kan verte gode møteplassar dersom ein legg til rette for det.



6.1.6 Korleis bur me i Alver?

«Boligsatsing bygger bygda.

Boligsatsinger virker positivt både på boligmarked og lokalsamfunn i distriktskommuner, viser en ny rapport. Boligtilbudet er blitt bredere og i bedre balanse, og kommunen samspiller bedre med private. Ikke minst har en aktiv boligpolitikk bidratt til bedre steder å bo, der det også er enklere å flytte til.»

Distriktsenteret/ Nova 2017

I Alver er det ei stor overvekt av einebustader, heile 72% av dagens bustadmasse er einebustader. Samstundes er det store skilnader internt i kommunen, leilegheiter og konsentrert busetnad finn ein stort sett i Knarvik, Frekhaug, Manger og nokre einingar på Ostereidet. Nybygging sentralt i kommunen viser ei stor overvekt av konsentrert busetnad. Oversikt over hushaldningsammansetning viser at mange bur åleine, heile 1/3 av innbyggjarane bur i eineshald, dette gjeld alle aldersgrupper, men særleg dei eldre. Levealderen stig og prognosar viser at det vert enno fleire eldre som bur åleine i framtida. Dette gjeld særleg bygdene og dei mindre sentera der det er låg tilflytting. Mange eldre ønskjer å verte buande på heimplassen sin, men i mangel på egna bustad veljar ein del å flytte til meir sentrale delar av kommunen. Andre vert buande i bustadane sine sjølv om dei er ikkje er tilrettelagt for alderdommen. At mange bustader ligg utanfor sentrum, langt frå handels- og tenestetilbod, gjer dei òg mindre egna for eldre med nedsett mobilitet.

Eit meir variert bustadtilbod tilpassa eineshald for folk i alle aldersgrupper vil kunne styrkje busetjinga i bygdene.

6.1.7 Pilot for bustad i Alver

Men korleis vil me bu i Alver i framtida?

I mange kommunar vert det no utvikla ulike nye bustader med fokus på å møta den demografiske endringa i samfunnet, der det vert mange fleire eldre og fleire som bur åleine.

Konsepta er ulike, men hovudideen er å skapa meir sosiale og berekraftige bumiljø, gjennom å dela felles areal og funksjonar både ute og inne. Ein pilot for nye sosiale buformer bør utviklast i eit av dei mindre sentera der det manglar eit variert butilbod.



6.1.8 Sambruk av parkering

Sentera i kommunen er prega av store parkeringsareal og god biltilgjengeligheit, medan tilgjengelegheit for gåande og syklende er nedprioritert. Det er berre i dei mest sentrale områda med høgt arealpress at parkeringa kan løysast i parkeringshus/kjellar. I utvikling av dei mindre sentera bør fotgjengarar få ein høgare prioritet med gode trygge gangforbindelsar og opparbeidde uteareal som inviterer til opphald. Sambruk av parkeringsplassar vil frigjere areal som kan nyttast til nye sentrumsfunksjonar. Når vi byggjer tettare i sentrum vert det meir attraktivt å gå mellom funksjonane.



Bilete er frå Frekhaug torg

6.1.9 Torg, plassar og opparbeidd uteopphaldsareal

Innbyggjarane saknar møteplassar. Dette kan vera møteplassar inne eller ute, formell eller uformell. Ei betre tilrettelegging for fotgjengarar set fokus på uteromma. Kvaliteten på arealet mellom husa må aukast. Eit sentralt torg der folk kan treffast, med benkar, belysning og kanskje tilrettelagt for leik og aktivitet. Ei tilrettelegging kan både vere permanent med høge kvalitetar eller ha ein meir mellombels karakter.



Bilete til venstre er frå allmenningen ved Helsehuset i Knarvik, bilete over er det eit mellombels byrom ved Frekhaug torg.

6.1.10 Leggje til rette for at folk skal gå og sykle

Det er fleire faktorar som spelar inn når ein skal leggje til rette for at folk velgjer å gå eller sykle framfor å køyre bil. Faglitteratur peikar ut fem behov som bør oppfyllest ved tilrettelegging for aktiv mobilitet: Det må vere fysisk mogeleg å ferdist der, nyttig, trygt og sikkert, komfortabelt og interessant (Alfonzo, 2005). Det er med andre ord ikkje nok å berre byggje gang – og sykkelveggar, sentra må planleggast og utformast slik at det er meir attraktivt å gå eller sykla enn å køyra bil.



6.1.11 Kulturmiljø og kulturlandskap



Utsyn over Lindås



Mange av sentera i Alver har historie langt tilbake i tid. Kulturmiljø og kulturlandskap er ein viktige identitetberar det må takast omsyn til i utvikling av områda. Kvar stad har sin eigenart og identitet som utviklinga må byggje vidare på. Rehabilitering og ombruk av eksisterande bygg er meir berekraftig enn å rive å bygge nytt, samstundes som ein tek vare på kulturhistoriske verdiar. Landbruket er pressa på grunn av urbanisering, fortetting og aukane folkevekst, og akkurat no er det redusert aktivitet i landbruket. Vern av de dyrka og dyrkbare areala i landet er ei nasjonalt viktig prioritering. Kulturlandskap og kulturmiljø er ein viktig kvalitet og del av identiteten til bygdene og sentera i kommunen.

6.1.12 Grønnstruktur og nærfriluftsliv



Alver har ei lang og variert kystlinje, flott natur og verdifullt kulturlandskapet. Dette er viktige kvalitetar som skapar trivsel og betyr mykje for folk. I sentera må desse kvalitetane takast vare på og vidareutviklast; samanhengande grønnstruktur, tilgang til sjø, rundturar, turveggar og stiar som er skilta frå sentrum er kvalitetar som bør utviklast i sentera.

6.1.13 Aldersvennleg stadutvikling

I 2017-2018 kom Regjeringa med kvalitetsreforma; Leve heile livet, som er ein kvalitetsreform for eldre. Reforma har fem innsatsområde der *Eit aldersvennleg Norge* er eitt av dei. Eit aldersvennleg samfunn er utforma slik at det er mogeleg for dei eldre å vera aktive samfunnsdeltakarar sjølv med redusert helse. Varierte bustadtypar, leilegheiter og små bueingar, helsetilbod, nærleik til tilbod ein treng i kvardagen, gode sosiale møteplassar og universell utforming er nokre av fokusområda for å leggje til rette for ein god alderdom. Aldersvennleg stadutvikling



handlar ikkje berre om å leggje til rette for eldre. Både forskning og praktisk erfaring viser at det som er bra for eldre som regel er godt for alle.

6.1.14 Informasjon, kva skjer?

Felles informasjon er viktig for at flest mogeleg av innbyggjarane skal delta aktivt i lokalsamfunnet. Alver har i dag 3 frivilligheitsentralar, på Frekhaug, Manger og i Knarvik. Det vart oppretta ei eige nettside i 2021; Foreningsportalen <https://alver.foreningsportal.no/> som har oversikt over lag, foreningar og aktivitetar i heile kommunen.

6.1.15 Midlertidige tiltak, små tiltak, kva kan innbyggjarane gjere sjølv?

Frivilligheit og lokalt initiativ kan vere viktige ressursar i utviklinga av staden. Kommunen får ein del innspel og spørsmål frå innbyggjarar som ønskjer å gjere små tiltak på heimstaden, t.d. male ein undergang under fylkesvegen. Det er ikkje alltid dette kan avklarast på ein enkel måte i kommunen.

For å betre dette samarbeidet og komme fram til gode verktøy så ønskjer kommunen å setje i gong ein pilot med tema:

- Pilot for samarbeid om stadutvikling mellom kommune og innbyggjarar.



7 Framlegg til senterstruktur for Alver

Dei 7 definerte sentera er geografisk fordelt over heile kommunen. 60% av innbyggjarane bur innanfor ein avstand på 5 km frå eit av sentera. Busetjinga i kommunen er ikkje jamt fordelt, over halvparten av innbyggjarane bur i sør innanfor delområda Knarvik og Frekhaug.

Framlegg til senterstruktur legg til grunn folketal, eksisterande funksjonar på staden, geografi og infrastruktur.

Manger og Frekhaug er tidlegare kommunesentera i Radøy og Meland, dette er dei sentera utanom Knarvik som har høgast folketal og flest funksjonar. For innbyggjarane i Bøvågen er Manger eit viktig supplement til det lokale tilbodet, mellom anna ligg ungdomsskulen og fritidstilbod for ungdom på Manger. Dette gjeld også for Vikebø som må til Holme for daglegvare eller Frekhaug for andre handels-, service- og tenestetilbod. Utifrå desse faktorane vil Bøvågen og Vikebø si rolla vera eit typisk nærsenter.

Frekhaug, Manger og Lindås er lokalsenter som har fleire funksjonar og eit høgare folketal enn Bøvågen og Vikebø.

Ostereidet er eit lokalsenter med mange tilbod samla i høve til innbyggjartalet, dette kan forklarast med at Ostereidet ligg langs E39 og har eit stort omland. Mange stoppar for å handle daglegvarer, lada el-bilen eller ete på kroa. Symjehall og fotballbane vert nytta av fleire skulekrinsar. Ostereidet er eit viktig senter i den delen av kommunen med lågast folketal og mest spredt busetjingsmønster.

I alle sentra bør ein utvikla best mogeleg tilbod av det innbyggjarane treng i kvardagen, eit minimum bør vera daglegvare, barneskule, barnehage og tilbod innan idrett og kultur.

I framlegg til senterstruktur for Alver er det lagt opp til tre senternivå;

- kommune- og regionsenter - Knarvik
- lokalsenter - Frekhaug, Manger, Lindås og Ostereidet
- nærsenter - Bøvågen og Vikebø



Fordeling av funksjonar på dei ulike senternivåa:

Senternivå	Innhald	Alver kommune
Region- og kommunesenter	Funksjonar, handel og tenester for heile kommunen og kommunane rundt. Hovudtyngda av kommunal forvaltning og besøksintensive tenestetilbod.	Knarvik
Lokalsenter	Funksjonar, handel og tenester for eit større omland. Desentraliserte kommunale tenester	Frekhaug, Manger, Lindås og Ostereidet
Nærsenter	Funksjonar og tilbod til nærområde. Handel inntil 3 000 m ² .	Bøvågen og Vikebø




Fig. 4. kart som viser 3-delt senterstruktur for Alver



7.1 Sentrumsutstrekning og lokal vekstsone

Sentrumsutstrekning og lokal vekstsone skal fastsetjast i kommuneplanen sin arealdel. Som del av mulighetsstudie senterstruktur er det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag for dette arbeidet. Rammene og framlegg til utstrekning og vekstsone for kvart senter er omtala i dette kapittelet.

Sentrumsutstrekning

I regional plan for attraktive senter i Hordaland er det under retningslinjer for arealbruk lagt inn føringar for avgrensing av handel:

«Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller i reguleringsplan for sentrum. Inntil kommunen har fastsett sentrumsutstrekning bør planlegging ta utgangspunkt i at sentrum har følgjande retningsgivande utstrekning frå ytterkant til ytterkant:

- Fylkessenter: inntil 1000m
- Regionsenter og bydelssenter i Bergen: inntil 800m
- Kommunesenter: inntil 600m
- Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast»

For å styrkje lokal – og nærsentra som attraktive møteplassar må sentrumsfunksjonane liggje meir samla enn dei gjer i dag. Fleirfunksjonelle område gjev større kundegrnlag for varehandel og service samt moglegheit for meir sambruk av parkeringsplassar. Kva som er sentrumsfunksjonar vil variera frå stad til stad, men det som ligg fast er at detaljhandel skal samlast i sentrum. Nokre stadar ligg skulen i sentrum, andre stadar er skule og idrett lokalisert for seg.

Prinsippet bør vera å leggje til rette for etablering av både bustader, arbeidsplassar, handels- og servicefunksjonar i sentrum, der funksjonar som trekkjer publikum i størst mogeleg grad vert samla innanfor ei definert sentrumsutstrekning. Unntak frå dette vil vera arealkrevjande funksjonar som t.d. idrett.

Hovudprinsipp for sentrumsutstrekning i Alver:

- ny handel skal liggje innanfor sentrumsutstrekninga
- samla dei viktigaste publikumsfunksjonane, unntak arealkrevjande idrett
- areal for konsentrert bustad, ulike bustadtypar
- det må vera ei arealreserve for vidare utvikling



I tillegg til å byggje ut infrastruktur for gang og sykkel er det viktig å lokalisera nye funksjonar slik at dei byggjer opp kring dei funksjonane som allereie finns på staden.

Ingen av sentra i Alver er like og når ein ser på kva som er viktig i utvikling av stadane vil det vere ulike svar. Ei stadanalyse bør leggjast til grunn for utvikling av sentera der det ikkje er utarbeidd ein sentrumsplan av nyare dato.

Sentera er viktige møteplassar i kommunen. Her ligg skulane, barnehagane, butikkane, idrettsplassane og mange av dei andre felles funksjonane i samfunnet. Når innbyggjarane i heile kommunen seier at dei manglar møteplassar bør dette vera eit viktig fokus i vidare utvikling av sentra i kommunen; å styrkje sentra som lokale møteplassar. Men korleis skal me få det til?

Ei utfordring i Alver er store avstandar og spreidd utbyggingsmønster. I ein kommune med betydeleg større grunnflate enn Bergen og berre 1/10 av innbyggjartalet er mykje av transporten bilbasert og svært mange er heilt avhengige av både ein og to bilar for å få kvardagslivet til å gå opp.

Når publikumsfunksjonane ligg spreidd køyrer dei fleste bil mellom funksjonane. Dette skapar mykje internttrafikk og gjer det mindre trygt og kjekt å gå. Ein kan seie at sentra i kommunen har ei bilbasert utforming med mykje overflateparkering, store avstandar mellom funksjonar og mange stadar dårleg tilrettelagt for fotgjengarar og syklistar.


Ei viktig endring for å gjere sentera våre meir fotgjengarvennleg er å samla sentrumsfunksjonane. I utvikling av stadane bør lokalisering av nye funksjonar få eit særskilt fokus. Det er ganske mange som går og sykklar på Frekhaug, men på torget er det framleis bilen som har prioritert.




Bilete frå Frekhaug torg

Lokal vekstzone

Vekstsona tek utgangspunkt i ein avstand på 1 km frå haldeplass i sentrum. 1 km er rekna som ein akseptabel avstand å gå til fots. Vekstsona er tilpassa lokale tilhøve som funksjonar, naturleg geografisk avgrensing, utbyggingsreserve i plan, topografi og landskap. Målsetjinga er at dei viktigaste tilbodet til innbyggjarane skal liggje innanfor gangavstand frå kollektivhaldeplass.



Figur 5 Døme på korleis vekstzone og sentrumsutstrekning er utgreidd



Figur 6 Døme vekstzone og sentrumsutstrekning som er tilpassa



Korleis kan me bruke lokal vekstsone i planlegginga?

- Hovudandelen av ny bustadutvikling i delområdet bør planleggjast innanfor lokal vekstsone, høgast utnytting nær sentrum.
- Dei viktigaste fellesfunksjonane bør liggje innanfor lokal vekstsone.
- Ny handel skal lokaliserast innanfor sentrumsutstrekninga.
- Funksjonar som er mykje besøkt av publikum skal liggje innanfor sentrumsutstrekninga, unntak er arealkrevjande aktivitet som idrett.
- Leggje til rette for varierte bustadtypar i alle sentera.
- Leggje til rette for sambruk av parkeringsplassar for å redusere arealbruk.
- Leggje til rette for sambruk og på den måten få fleire funksjonar på staden.
- Leggje til rette for gange og sykkel.
- Kopla sentera saman med tur – og friluftsområda. Etablera samanhengande grønstruktur.




7.1.1 Knarvik

I Knarvik er alle tilbud samla innanfor gangavstand. Dette er ein viktig kvalitet som må takast vare på i utvikling av region- og kommunesenteret.

Knarvik har svært god arealreserve i plan; bustadreserve på ca. 2400 bueiningar, mykje areal til sentrumsføremål, kontor og privat/ offentleg tenesteyting. Kvalitetar som er viktig å styrke og ta vare på er; kompakt sentrum, gangaksen nordsør, natur tett på og tilgjeng kystlinje.

Vekstsona er vist med raud linje, heile byggesona til Knarvik ligg innanfor vekstsona samt friområdet ved Lonena. Det meste av arealet innanfor vekstsona ligg innanfor 1 km gangavstand til kollektivhaldeplass ved E39. Sentrumsutstrekninga er vist med svart stipla linje og omfattar i all hovudsak området som ligg innanfor områdeplan Knarvik.




7.1.2 Frekhaug

Frekhaug har ei stor samanhengande byggjesone der sentrum ligg heilt aust i byggjesona. Vekstsona er avgrensa av fylkesvegen med unntak av Langelandsskogen. Langeland som er verdifullt landbruksareal og Mjåtveitvassdraget ligg utanfor vekstsona, desse områda samt Storeknappen er mykje nytta tur- og rekreasjonsområde. Den lange kystlinja langs byggeområda ved sjø er sikra som friområde.

Sagstad skule og idrettsanlegget til Meland aktiv er viktige funksjonar som høyrer til Frekhaug, området er vist med ei avgrensa vekstsona som gjev rom for vidare utvikling av funksjonane utan at for mykje av landbruksarealet går tapt.

Med reguleringsplanane Dalstø, Mjåtveitstø og Langelandsskogen, som er i prosess, har Frekhaug svært god arealreserve innanfor vekstsona.

Vekstsona er vist med raud linje. Sentrumsutstrekninga som svart stipla linje.




7.1.3 Lindås

Vekstsona for Lindås er ei vidareføring av vekstsona som vart definert i KPA Lindås (2019).

Det er ei god arealreserve innanfor vekstsona, men Lindås manglar oppdatert plan. Det vart utarbeidd eit mulighetsstudie i 2019 for Lindås som kan leggest til grunn for vidare planlegging.

Sentrumsutstrekning; god reserve innanfor eksisterande senterområde, framtidig utviding av sentrum foreslått mot sørvest for å binde saman sentrum mot dei øvrige funksjonane.

Vekstsona er vist med raud linje. Sentrumsutstrekninga som svart stipla linje.






7.1.4 Manger

Sentrumsområdet på Manger har ei relativt stor utstrekning med mange funksjonar samla. Vekstsona omfattar byggesona på Manger og strekkjer seg til sjølinja i sør, medan den er avgrensa mot LNF – området i nord.

Bustadreserve; ca. 150 bustadar regulert. Manglar ein oppdatert reguleringsplan for sentrum.

Vekstsona er vist med raud linje. Sentrumsutstrekninga som svart stipla linje.






7.1.5 Ostereidet

Vekstsona vart definert i KPA Lindås (2019) og brukt til siling av innspel i førre planperiode. Ny områdeplan for Ostereidet vart vedteken i desember 2021. Området har god arealreserve i gjeldande planar med ca. 180 nye bueingar og det er lagt til rette for ei framtidsretta utvikling av senter og skuleområdet.

Vekstsona er vist med raud linje. Sentrumsutstrekninga som svart stipla linje.






7.1.6 Vikebø

Vekstsona for Vikebø strekkjer seg frå sentrum og sørover til og med idretts- og barnehageområdet. Vikebø manglar daglegvare, men det er lagt til rette for utvikling av sentrum i plan med bustadar, forretning og kontor. I områdeplan for Rylandshøgda som ligg mellom sentrum og idrettsområdet vert det lagt til rette for bustadar, medrekna sentrum er det til saman ca. 90 bueingar i bustadreserve.

Vekstsona er vist med raud linje. Sentrumsutstrekninga som svart stipla linje.






7.1.7 Bøvågen

Bøvågen har dei viktigaste funksjonane som eit nærsenter bør ha. Sentrumsområdet strekkjer seg frå daglegvarebutikken til skule- og barnehageområdet. Vekstsona omfattar byggesona med dei viktigaste fellesfunksjonane. Bøvågen har arealreserve innanfor vekstsona, men manglar oppdatert plan.

Vekstsona er vist med raud linje. Sentrumsutstrekninga som svart stipla linje.





7.2 Kunnskapsgrunnlag

I samband med mulighetsstudien er det gjort ei rekkje registreringar i kvart senter; kva funksjonar det er på staden, arealreserve i plan, geografi, reisetid og avstand til Knarvik. Det er utarbeidd statistikk over folketal, forventa vekst og bustadbehov for kvart delområde, sjå kapittel 2.5. Denne kunnskapen saman med verkstadane, dronebilete/ dronefilmar og intervju med folk i kvart senter har gjeve eit breitt kunnskapsgrunnlag for arbeidet.



Dette kapitlet inneheldt ei forenkla oppsummering av registreringane som er gjort.






7.2.1 Avstand til Knarvik

Knarvik er kommune – og regionsenter og er staden ein finn flest funksjonar og tilbod i Nordhordland. Avstanden til Knarvik syner kor nær sentera ligg i høve til desse tilboda. Bøvågen ligg lengst frå Knarvik og nyttar ein del av tilboda på Manger som ikkje finns lokalt, det same gjeld Vikebø som har nærmaste daglegvare på Holme og fleire handels-, sevice- og tenestetilbod på Frekhaug.






7.2.2 Folketal i kvart delområde og bustadreserve



Tabellen over viser kor folk er budsett i kvart av delområda, den lyse søyla er talet på innbyggjarar som bur innanfor vekstsona (vekstzone sjå kap. 7.1.).

Alver har busetjing i heile kommunen, men busetjinga er svært ujevnt fordelt. Halvparten av innbyggjarane bur i Frekhaug-, Knarvik- og Alversundområdet, det er også her det er størst vekst i folketal, bustadreserven er høgast og det vert bygd flest leiligheiter. Felles for alle sentera er at størsteparten av innbyggjarane bur utanfor vekstsona, Frekhaug er det senteret som har høgast del av folketalet innanfor vekstsona.




I tabellen over er det vist ei samanstilling av eksisterande bueingar og bustadreserve i plan innanfor kvar vekstsone. Knarvik, Frekhaug, Vikebø og Ostereidet har ei svært god bustadreserve i plan eller i planar i prosess. I dei andre sentra manglar det først og fremst nye heilskaplege planar, medan potensialet for fortetting og utvikling innanfor vekstsonene er god.



7.2.3 Funksjonar i sentera

I arbeidet med mulighetstudien er det gjort ei grundig registrering av funksjonane i sentra. I oppsummeringa nedanfor er det laga ei forenkla samanstilling av desse registreringane. Målet er å vise kva type tilbod som finns på kvar stad og å få fram ulikskap i omfang utan at det vert for detaljert.



Oppsummeringa viser mellom anna:

- Knarvik har ei mykje større tilbod enn dei andre sentera.
- Manger, Lindås og Frekhaug har omtrent same bredde i tilbodet.
- Vikebø og Bøvågen har like mange funksjonar, skilnaden er at i Bøvågen er det daglegvare, medan Vikebø har ungdomskule.
- Ostereidet har stor bredde i tilbod, men mindre volum enn Frekhaug, Manger og Lindås.



Kunnskapsgrunnlag

Utviklingsplan for Vestland (2020-2024)

Regional plan attraktive senter i Hordaland(2015-2026)

Regional areal og transportplan for bergensområdet(2017-2028)

Urbant bygdeliv?

Attraktive bosteder og gode bomiljø i Straume, Osøyro og Knarvik m/ Flatøy-Frekhaug-aksen.

HANNA NYBORG STORM, SOLVEIG SVARDAL, MARI TORVIK HEIAN OG
ESPEN MOTZFELDT DRANGE

TF-rapport nr. 427(Telemarksforskning)(2018)

Håndbok

Aldersvennlig stedsutvikling

Oppdragsgiver: Helsedirektoratet

Utgiver: Norske arkitekters landsforbund
(2019)

NOU 2020: 15

Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene

Meld. St. 15 (2017–2018)

Leve hele livet — En kvalitetsreform for eldre

Intensjonsavtalen for kommunesamanslåinga for Lindås, Radøy og Meland 25.01.16